



Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Nr 3-2019

Jula 2019

Årgang 49



INNHALD

Juleandakt frå biskopen	s.3
Bedehuset Betel 100 år	s.4
Godt nytt sokneråd – og takk til det gamle!	s.7
Intervju med kyrkjevevje Jorunn Merete Haukås-Eide	s.8
Informasjon om samanslåing mm	s.11
Siste kyrkjelydsblad for Balestrand. Historikk	s.12
Rehabilitering av tårnet på Tjugum kyrkje	s.16
Geir Paulsen er ny prost i Sogn prosti	s.16
Ny altarduk i Sæle kyrkje	s.17
Rom for morskjærleik – Kirkens Nødhjelp jula 2019	s.18
Barnas side	s.20
Handlingsplan for frivillig arbeid	s.21
Nytt frå kyrkjetårnet	s.22
Glimt frå arbeidet	s.24
Konfirmantside. Konfirmasjonar våren 2020	s.25
I glede og sorg. Annonser.	s.26
«Heime» av Lin Åm. Mariahelg. Lyngmoinfo.	s.27
Gudstenestepplan våren 2020	s.28

Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Utgjeve av Balestrand sokneråd
Nr 3- 2019 - 49. årgang

Redaksjonsutval

Helge Eilifsen, Kjell Helland og
Jostein Risa (kyrkjevevje)

Abonnement

Normalt tre utgjevingar i året (vår, sommar/haust, jul)
Fulldistribusjon i kommunen i tillegg til ikring 80
utanbygds abonnentar.
Bladpengar: kr.200 per år (friviljug) til konto:
3805.10.32583.

Trykk / oppsett

Ingvald Husabø Prenteverk, Leikanger

Annonser

Små annonser kr. 450, store annonser kr. 800.
Heilside etter avtale.

Framsidedfoto:

*Døme på framsider av julenummer frå Kyrkjelydsblad for
Balestrand frå 1970-2016 med redaktøren si favoritt-
framside frå jula 2017 på midten nedst.
Kunst/Foto: Fredrikka-Mei Støyva, Bjørg Bjøberg,
Erik Hoel.*



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokneråd

KONTAKTINFORMASJON

Balestrand kyrkjekontor

Sjøtunsvegen 6, 6899 BALESTRAND
Kjerneopningstid:
truleg torsdagar og fredagar kl. 10.00–14.00
Telefon: 57 67 99 85 (sentralbord)
E-post: post@sogndal.kyrkja.no
Heimeside: www.sogndal.kyrkja.no

Sokneprest i Balestrand Kjetil Netland

(50 % stilling)
Mobiltelefon: 911 03 134 (ring for avtale)
E-post: kjetil@sogndal.kyrkja.no

Rådgyvar Jostein Risa

(gravplassforvaltning og IKT, 80 % stilling)
Arbeid: 57 67 99 85
Mobiltelefon: 920 60 832
E-post: jostein@sogndal.kyrkja.no

Organist Ole Agnar Helland

(30 % stilling)
Mobiltelefon: 984 16 333
E-post: ole.agnar@sogndal.kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Magni Åm Risa

(økonomi og arkiv, 25 % stilling)
Mobiltelefon: 466 97 476
E-post: magni.risa@sogndal.kyrkja.no

Kyrkjetenar Fisseha Weldeyohannes Andemichael

(25 % stilling)
Mobiltelefon: 450 27 235
E-post: fisseha@sogndal.kyrkja.no

Balestrand sokneråd

Sjøtunsvegen 6
6899 BALESTRAND
Leiar: Kari Kvikne (k-kvikne@online.no)

Sogndal kyrkjekontor

Fossetunet 1a, 6856 SOGNDAL.
Opningstid: måndag – fredag kl.08.00 - 15.00
Telefon: 57 67 99 85 (sentralbord)
E-post: post@sogndal.kyrkja.no
Heimeside: www.sogndal.kyrkja.no

Kyrkjevevje Jorunn Merete Haukås-Eide

Arbeid: 57 67 99 85 | Mobiltelefon 404 76 682
E-post: jorunn.merete@sogndal.kyrkja.no

Rådgyvar Magny Ugulsvik Bukholm

(øk.og arkiv)
Arbeid: 57 67 99 85 | Mobiltelefon 404 75 968
E-post: magny@sogndal.kyrkja.no

Sogndal kyrkjelege fellesråd

Postboks 180
6851 SOGNDAL
E-post: post@sogndal.kyrkja.no
Leiar: Per Hilleren (peren@online.no)

Ei krubbe for vår tid

*Av fungerande biskop,
domprost Gudmund
Waalder*

I kyrkja legg vi ofte stor vekt på det indre livet. Men betyr det at det ytre er heilt uvesentleg?

Det fascinerer meg kor mykje pengar, tid og krefter eg brukar på estetikk! Sjølv er eg oppteken av kunst, interiør og fargar. Ikkje sjeldan tek eg turen innom ein liten designbutikk i sentrum. Eg har også lagt merke til at den kvinnelege delen av husstanden likar å shoppe støvletter. No er ikkje dette spesielt originalt! I vår forbrukarkultur er det normalt å bruke mykje pengar på det ytre. Men gjer det oss til overflatiske menneske? Det trur eg blir for enkelt.

Gjennom det ytre, og det vi omgir oss med, uttrykker vi oss og skaper ein identitet. Estetikk er difor viktig. Å vere oppteken av det skønne og det vakre har lang tradisjon i kyrkja. Gud har gitt oss evne og vilje til å forme og skape gjennom kunst og kultur. Samtidig veit vi at kvar tid har sitt uttrykk og sitt syn på kva som er vakkert.

Maleriet frå altarskapet i Mariakirken i Bergen viser korleis kunstnarar allereie på 1600-talet hadde forstått dette. Klede skapar folk og identitet - difor er alle på biletet kledd etter moten slik den var då.

Skal vi forstå at Gud er til stades i vår tid, må vi våge å male Jesus inn i vår kontekst og i våre liv. Kvar trur du Gud ville plassert Jesu krybbe dersom han skulle blitt fødd i dag?



Utsnitt av altarskapet i Mariakirken i Bergen. Foto: Hilde Smedstad Moore, Universitetet i Stavanger

Kanskje ville han blitt fødd på eit asylmottak med ei einsleg mor? Biletet vi har frå stallen i Betlehem lyg ikkje. Dei vise mennene fann ikkje Jesus hos kong Herodes, eller mellom dei lærde i tempelet i Jerusalem, men i ein stall der det lukta sveitte og møk. Denne konteksten betyr noko fordi Gud valde den heilt medvite. Når Gud blir fødd inn i vår verd, blir han svak. Han blir utlevert. Han blir sårbar, overgitt til ei fattig kvinne. Det gjer han fordi han elsker oss. Han gjer det for å vise oss kva kjærleik er. Kjærleiken kan ikkje krevje, den kan berre komme oss i møte og seie; sjå her har eg kome deg så nær som eg

kan for å vise deg min kjærleik. Gud viser sin solidaritet med oss nettopp ved å velje å bli fødd i eit folk som var forfulgte. Gud kjem til oss der vi er og blir ein av oss, kledd som ein av oss. Også i dag er han vår bror. Han er i lidinga når menneske lir. Han græt når vi sørgjer. Han ler når vi er glade. Han vil la seg finne i vår verd når vi søker han.

*Og finner du ham i krybbens hø
som hyrder så, som hyrder så,
da eier du nok til freidig å dø
og leve på, og leve på.*

(Jonas Dahl)



At så mange sette kvarandre møte, er teikn på at bedehuset fyller ein viktig funksjon i bygda.

Foto: J. Risa

Bedehuset Betel – 100 år

På portalen over over inngangsdøra står årstalet 1919, altså er 2019 året for hundreårsmarkering. Med over hundre frammøtte rundt fint pynta bord var det ikkje vanskeleg å kjenna på det høgtidsame med denne jubileumsfesten, som kalla fram både takksemnd, glede og ettertanke

Vegard Nessa, som leia festen, byrja med å mala fram eit tidsbilete av Balestrand for hundre år sidan. Slik vart det tydeleg at mangt er endra, sjølv om budskapet som samlar folk, er den same.

Nyskriven jubileumssong av Magni Åm Risa var første allsong og denne vart akkompagnert av Louise Nilsson og Aud Laila Heier på trompet og Laila Vang på piano. Slik vart minne frå og ønskje for huset ramma inn av både ord og tonar.

Det er mange unge som er aktive på bedehuset og

denne gongen var dei representert ved Kaja Emeli Ohma, som framførte pianoversjon av Faded og barnekoret Baluba. Ung framføring gir gjerne god kontakt med dei lyttande, og slik var det denne gongen òg.

Songgruppa Damene under leiing av Aud Laila Heier var stødige som dei plar, og fleirstemt framføring gir ekstra dimensjon til songen – det legg ein merke til når ein ser korleis den einskilde lyttar.

Trond Kråvik heldt andakt, der han peika på at tru handlar om tillit og trygt feste. Sjølv om tider og former stadig er i endring, gjeld ikkje det innhaldet i trua – det står fast. Gud er levande og sann – det gjer at ein i dag som for hundre år sidan kan høyra budskap til frelse. For å illustrara korleis tillit til Herrens ord kan prega trua, viste han til patriarken Abraham. 75 år gammal fekk han lovnad om ein son, Sara var 65. 86 år gammal vart han



Songen til Damene sette ein ekstra spiss på jubileumsfesten.



Dei framømte visste å verdsetja songen frå Baluba.

beden om å telja stjernene, så talrik skulle ætta hans bli. 100 år gammal skulle han bli, før lovnadssonen Isak vart fødd.

Trua har òg ein håpsdimensjon. Vona er er trygt og fast anker for sjela. Det når innanfor forhenget, dit Jesus har gått i førevegen for oss. (Heb 6.19-20a). Dette illustrerte han med ein sikringssele. For at han skal fungera, må han vera festa i noko utanfor seg sjølv.

Johs. B. Thue tok for seg det historiske. Han peika på at Hans Nielsen Hauge har prega utviklinga i Noreg langs fleire linjer og ikkje minst ved si forkynning. Men konventikkelplakaten sto i vegen, og Hauge fekk merka motstand frå embetsmenn, og mange år i fengsel braut ned helsa hans. Men han sette spor etter seg. Hans Feigum i Luster var inspirert av Hauge og vart opphav til feigumianarane. Dette viser at krefter vart løyst ut, sjølv om ikkje alt har stått seg for ettertida. I det historiske attersynet peika han òg på at fleire kvinner gjorde seg gjeldande då bedehuset vart reist. Kari Kvikne gav fri tomt til huset, og ei anna drivande kvinne, Klaudia Skarestad, kosta grunnmuren. Ho hadde kunstvevstove med fleire tilsette.

Erland Fagermoen hadde sett saman ein biletkavalkade frå utbyggings- og fornyingsprosessen. Den formelle starten på moderniseringsarbeidet starta med vedtak om utviding av huset på årsmøtet i 2011, og alt same hausten vart ekstra grunn sprengt ut. I mellomtida vart det arbeidd med teikningar og romløysingar, og i mars 2015 var taksperrane på tilbygget komne på plass.



Trond Kråvik veit å velja verkemiddel som strekar under bodskapen.



Johs. B. Thue drog fram noko av den historiske bakgrunnen for lekmannsrørsla.

Foto: Annlaug Åm Risa

Det er Vidar Heier som heile tida har stått for det faglege og har leia og arbeidd mange timar på dette prosjektet. Tett tak hadde ein same haust og i 2016 vart det nye kjøkenet montert. I 2018 vart det gamle tilbygget på sørsida rive, grunnmuren utvida og nytt tilbygg reist. I desse tilbygga har ein fått lagerrom, tilleggssal til hovudsal og kjøken, nytt inngangsparti og toalett. Veslesalen er nesten ferdig fornøya, og det er montert ny trapp i nytt trappehus til det tidlegare galleriet. Per 10. nov. er det brukt 1,9 millionar, men huset nærmar seg ei total oppgradering, berre hovudsalen står att. Utan all dugnaden som er gjort, hadde det ikkje vore mogeleg å få så mykje att for desse midlane.

I programmet var òg plass til underhaldning. Det var quiz, og eit av spørsmåla var kor mange kvinner som hadde vore leiarar i bedehusstyret. Svaret var fire. Dette viser at sjølv om det er mest menn som har vore med på bygningsarbeidet, så er drifta av huset avhenging at innsatsen frå kvinnene.

Det var helsing frå Soknerådet både ved leiar Kari Kvikne og Kjetil Netland. Det var oldemor til Kari som gav tomt til bedehuset. Soknerådet hadde òg med ei jubileumsgåve på 5000 kroner, og då Vegard Nessa takka for den, kunne han med full rett seia at denne gåva kom vel med, når ein ser på det store utbyggingsprosjektet ein står oppe i.

Det heile vart avrunda med eit flott kakebord med stor jubileumskake – ei stor kvit dame som var markeringa verdig. Utbygginga i seg sjølv peikar framover, og det er å håpa at det som skjer på huset blir til gagn for Guds rike både lokalt og globalt.

Tekst og foto: Helge Eilifsen



Vegard Nessa takkar for gåva frå soknerådet, som her er representert ved Kari Kvikne og Kjetil Netland.



Louise Nilsson, t.v. og Aud Laila Heier på trompet og Laila Vang på piano.

Godt nytt sokneråd – og takk til det gamle!

Ved val til Balestrand sokneråd skulle det veljast åtte faste medlemmer og fem varamedlemmer. Det vart levert akkurat 200 godkjende stemmer til valet - fordelt på 146 retta og 54 uretta stemmesetlar. Nye Balestrand Sokneråd konstituerte seg i møtet 31.10.2019 og var i drift frå 1.11.2019. Resultatet av konstitueringa står bak valresultatet i lista under.



Frå møtet med konstituering i kyrkjestova 31.10. Her møtte også fire varamedlemmer.

Faste medlemmer i Balestrand sokneråd 2019-2023

1. KARI KVIKNE (52 år) - attval	277 stemmer
2. JENNY KRISTIN MENES (39 år) - attval	249 stemmer
3. HELGE OTTAR ULVESTAD (65 år) - attval	246 stemmer
4. LAILA VANG (45 år)	242 stemmer
5. ANNE KARIN SOLHEIM SJØTHUN (54 år)	236 stemmer
6. OLE EILIFSEN (27 år)	229 stemmer
7. PER TUSVIK (73 år)	222 stemmer
8. BERIT STØLE (39 år)	217 stemmer
FAST: KJETIL NETLAND	

Leiar + AU (Arbeidsutvalet)
Medlem i Trusopplæringsutvalet lokalt (TRU)
Sekretær + AU og Representant i fellesrådet
Kirkens Nødhjelp-kontakt
Nestleiar + AU
Medlem i informasjonsnemnd (el.l)
Medlem i diakoniutvalet lokalt (DU)
Kasserar
Sokneprest + AU - er fast medlem i soknerådet

Varamedlemmer

1. KRISTI TJOFLAAT MICONI (52 år)	216 stemmer
2. JAN HERLAND (73 år)	211 stemmer
3. MARIT PERNY HARAM VANNES (65 år)	205 stemmer
4. MARIT EIDSNES (62 år)	205 stemmer
5. RUNE ANDERSEN (64 år)	207 stemmer

1. vara (vert kalla fast inn til alle møte)
2. vara
3. vara
4. vara
5. vara

Rekkefylgja til 3.- 5. varamedlem er styrt av rekkefylgja på kandidatlista ifjærre enn 5 prosent tilleggsstemmer.

Nokre kommentarar:

- Valdeltakinga ved soknerådsvalet var på 27 prosent (200 av dei 733 med stemmerett stemte). Dette er langt over landsgjennomsnittet, men noko under rekorddeltakinga på 32 prosent i 2011.
- Tilleggsstemmer førte ma. til at to kandidatar som var nominerte på varaplass kom inn på fast plass.



Det avtroppande soknerådet har gjort ein flott innsats i perioden 2015-2019 og vart takka i gudstenesta 1.12. Frå venstre: Kjetil Netland, Tore Brudvik, Ingrid Menes, Åshild Sagevik, Malene Mundal Sværen, Margot Ryssdal, Helge Ulvestad (leiar) og Kari Kvikne (nestleiar). Dei fekk eit lite, innramma bilete av kyrkja laga av Bjørge Bjøberg i gåve. Jenny Menes var ikkje til stades. (Alle foto: J. Risa)



Det nyvalde Balestrand sokneråd for perioden 2019-2023. Det nye rådet vart framstilt for kyrkelyden i gudstenesta 1.12.2019 i Tjugum kyrkje. Frå venstre: Sokneprest Kjetil Netland, Berit Støle, Per Tusvik, Anne Karin Solheim Sjøthun (nestleiar), Ole Eilifsen, Helge Ottar Ulvestad, Kari Kvikne (leiar). Ikkje til stades då biletet vart teke: Jenny Kristin Menes (medlem), Laila Vang (medlem) og Kristi Tjoflaat Miconi (1. vara).



Kreativ kyrkjeverje med stor kapasitet

Jorunn Merete Haukås-Eide har vore kyrkjeverje i over 20 år, men er frå 2020 kyrkjeverje også for balestrendingane – med eit overordna ansvar for kyrkjene, gravplassane og dei tilsette som bur i Balestrand. Vi har stilt henne nokre spørsmål slik at lesarane av Kyrkjelydsbladet for Balestrand får høve til å bli betre kjende med henne og høyre litt om samanslåingsprosessen og arbeidet framover. Sjå elles faktaboksar på sida etter intervjuet.

Korleis kom det til at du vart kyrkjeverje?

– Utgangspunktet var vel at eg jobba som leiar i Sogndal frivilligsentral frå han vart starta. Kyrkja var ein av initiativtakarane til denne, og prost og sokneprest Kolbjørn Aske sat i styret og hadde vore med og tilsett meg. Då stillinga som kyrkjeverje vart ledig, oppmoda han meg om å søkje, og eg fekk stillinga frå 1998. Eg har

økonomiutdanning i botnen, og etter eit engasjement i bank jobba eg fleire år i barnehagesektoren – som avdelingsleiar i Flåm barnehage og seinare styrar i Underdal barnehage.

Vil du fortelje litt meir om bakgrunnen din?

– Eg er fødd og oppvaksen i Underdal og trådde mine barnesko i både kyrkje- og foreiningsverksemd. Begge foreldra mine var aktive i kyrkjelyden. Mor var aktiv i misjonsforeiningar og sat i soknerådet i Underdal så lenge eg kan hugse. Far og mor delte på å vere klokkar og kyrkjetenar i den særmerkte kyrkja vår i Underdal gjennom heile oppveksten min.

Eg hugsar godt at eg fekk vere med far til høgtidsringing, der vi ringde ein heil time. I lag med søskena mine fekk eg lære å ringe med tau – med to klokker – slik at vi kunne bytast på.

Vi var alltid til kyrkje når det var gudsteneste, men med ein prest på fire kyrkjer var det ikkje gudsteneste kvar søndag. På den tida var det ikkje veg, så det var sjeldan vi reiste på gudstenester andre stader. Elles var det eit slags prinsipp i familien at kva det var, så skulle vi støtte opp om det som vart arrangert i bygda.

Både eg og søskena mine har difor vore med i alt

mogeleg ulikt lagsarbeid. Vi fekk inn at det var viktig å stille opp, både i kristent og «verdsleg» arbeid. Eg var til dømes første leiar i Sogn og Fjordane ungdomslag (då det vart oppretta som fylkeslag). Bror min har vore leiar i Noregs ungdomslag. Elles vart det mange ting eg var engasjert i i Underdal: Bingo, 17. mai-festar, spørje-konkurransar, vedlikehald, på scena med revy («vegrevy» med Vegvesenet invitert – for å få veg til bygda). Eg har også dansa mykje folkedans og gamaldans – òg litt i konkurransesamanheng.

Vil du seie litt om noverande familie og kvar du bur?

– Eg er gift med Kjell Ove og vi har tre vaksne born som har flytt ut. Vi bur fint til ved fjorden på familiegarden til mannen min på Slinde, eit tidlegare småbruk som besteforeldra hans dreiv.

I kyrkjelydsbladet har vi tidlegare (nr 3-2017) skrive om då du i samband med samanslåinga strikka 43 huer som julegåve til alle tilsette i Sogndal, Leikanger og Balestrand i tillegg til medlemmene i kyrkjeleg fellesnemnd, Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd og i Balestrand sokneråd. Du verkar ikkje skvetten i høve å setje i gang store handarbeidsprosjekt?

– Eg har alltid vore glad i handarbeid. Mor mi var flink til å sy og dreiv mykje med handarbeid og eg har teke opp dette. I tillegg til å strikke likar eg å hekle, sy og brodere, og eg har til dømes sydd mange bunader. Eg har også fått prøve meg på å sy stola* til diakonen i Sogndal med godkjenning frå Bjørgvin biskop. Interesse mi førte meg i ungdomen til formingslinja på Voss folkehøgskule der eg hadde både saum og trearbeid. Treskjeriing og dreining ligg også hjarta nært, og eg har til dømes laga stoveuret som står heime i stova med karveskur. Dei siste åra ha det blitt lite tid til knivar og stemjern, men vona er å kunne ta dette opp att på sikt.

Intervjuar kan her legge til at ved juleavslutninga i 2019 fekk alle tilsette eggevarmarar forma som høner sydd med applikasjonsteknikk, medan medlemmene i kyrkjeleg fellesnemnd fekk handstrikka rosevottar i ull som takk for innsatsen. Det vart sagt at kyrkja ikkje hadde så mykje pen-

gar å gje gåver for, men desse gåvene vitnar om stor omsorg, der kyrkjevevja har brukt mykje av si fritid og lagt ned mykje innsats for å setje pris på både tilsette og folkevalde.

Dei som jobbar i lag med deg kan ikkje unngå å oppdage at du også har konditorevner både ved markeringar og elles?

– Ja det blir mykje kakebaking til mange ulike høve. Eg likar godt å bake og synest det er kjekt å prøve ut ulike oppskrifter og få vere kreativ med pynting. Det er kjekt å dele med dei eg jobbar i lag med – vi har eit fantastisk lag av dyktige medarbeidarar i staben.

Det finst fleire som med eit smil har hevda at du må ha fleire timar i døgeret enn andre med alt du får gjort i tillegg til ein svært travel jobb. Er det tid til andre interesser?

– Eg syng i Norum songlag og har vore med der sidan vi flytta til Slinde. Dette er eit bygdekor som syng jamleg i kyrkja, t.d. på julaftan, ved helgemesse og julekonsert. Elles er vi med på 17.mai-arrangement i bygda og deltek på songarstemne der vi seinast i sommar var på stemne i lag med Balestrand songlag. Vi har også hatt nyttårskonsert i Nortun (der vi har øvingane våre) i lag med songlaget frå Balestrand.

Det ryktast at du også skriv tekstar, til dømes ved kyrkjejubileet for Ølmheim kyrkje i 2013?

– Ved 150-årsjubileet til Ølmheim kyrkje, som eg soknar til, framførte songlaget i lag med eit prosjektkor og musikarar kantaten «Ei perle vakkert skin» komponert av Sverre Volle til Olavsvaka. Sverre Volle er tidlegare kantor i Sogndal og framleis aktiv som organistvikar. Melodien var basert på ein folketone, og Sverre utfordra meg til å skrive tekst. Det er ikkje så ofte eg skriv slikt, men det har skjedd ved nokre høve.

Du har sidan 2017 vore i tillegg til kyrkjevevjestillinga vore prosjektleiar for samanslåinga av fellesråda for dei tre kommunane Leikanger, Sogndal og Balestrand, men dette er ikkje den første samanslåinga av fellesråd du har vore med på?

– Eg starta som kyrkjevevje i Sogndal med fire sokn i



* Stola er eit liturgisk plagg – eit band med symbol som ligg over begge skuldrane til presten (stola) og over ei skulder til diakon (skråstola). Stola vert laga i alle dei fire fargane i kyrkjeåret.



Kyrkjeleg fellesnemnd har vore i arbeid frå 2017 til 2019 med Jorunn Merete som prosjektleiar.

mars 1998. Frå 1.1.2000 vart kommunegrensene endra slik at Fjærland sokn kom med. På slutten av 2009 såg Leikanger sokneråd i Leikanger kommune at dei hadde problem med å halde fram åleine. Kyrkjeverja der skulle byrje i annan jobb frå hausten 2010 og dei såg det som vanskeleg å rekruttere til deltidsstillinga der, og det var elles ein liten stab og såleis eit lite arbeidsmiljø. Dei kontakta prosten om dette, og dåverande Sogndal kyrkjelege fellesråd sa ja til eit samarbeid (prøveprosjekt). Vi fekk godkjent søknaden til departement og Kyrkjeråd om å få opprette eit interkommunalt fellesråd, dvs eit fellesråd for to ulike kommunar med kvar sine løyvingar inn mot fellesrådet. Dei første fire år gjekk dette som eit prøveprosjekt, men ordninga vart gjort permanent frå 2014. Dette etter gode evalueringar, der ingen av partane ville tilbake til slik det var før. I 2010 fekk vi berre eit halvt år på å førebu og gjennomføre samanslåingsprosessen. Dette var eigentleg alt for kort tid og vart ein svært hektisk vår, men gav oss likevel erfaringar som har vore gode å ta med seg i den prosessen vi har vore gjennom no.

Kva har du som prosjektleiar lagt vekt på ved samanslåinga denne gongen?

– Der det i 2010 var ei sjølvvald samanslåing, kom samanslåinga denne gongen automatisk som ei fylgje av kommunesamanslåing. Det var to fellesråd som skulle slåast saman (sidan Leikanger og Sogndal hadde slege seg saman før), men framleis avtalar med tre ulike kommunar og ei verksemdsoverdraging der ein må gjennom same prosessen med oppseiing og inngåing av alle avtalar med eksterne partar, alle arbeidsavtalar med tilsette, samankopling av ulike dataløysingar og databasar, nye reglement og planar osv.

Eg har vore oppteken av at både råd og tilsette må få god informasjon og at deira meiningar vert høyrde. Dersom dei ikkje får seie sitt og vert tekne på alvor frå starten, vert ikkje prosessen god. Det er dei tilsette som skal drive arbeidet vidare i lag med råda, og det er arbeidet som går føre seg lokalt i sokna som er viktig!

I 2010 var det det vesle rådet som tok initiativet og kom til det større. Det var eit viktig aspekt – det var ikkje



Per Hilleren kunne i desember 2017 gratulere Jorunn Merete Haukås-Eide med tilsetjing som kyrkjeverje i nye Sogndal kyrkjelege fellesråd frå 2020. Hilleren er nyleg valt til leiar i det nye fellesrådet.

det større som «ått opp» det mindre. Sjølv om utgangspunktet er annleis no, har vi prøvd å tenkje litt på same måten, og Balestrand sokneråd hadde til dømes same representasjon i kyrkjeleg fellesnemnd som «storebror» Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd.

I prosessen har vi hatt fleire fellessamlingar for alle sokneråda og også for alle kyrkjeleg tilsette i dei tre kommunane for å bli kjende og førebu det nye. Vi starta til dømes prosessen med samling heime hjå meg på Slinde og har sidan vore på overnattingstur med mykje godt program i Skjerjehamn. Slike samlingar er viktige i ein slik omstillingsprosess.

Staben i Sogndal og Leikanger har vore gjennom stor dramatikkk med brannen i Stedjetunet desember 2017, der bygget inkludert kyrkjekontoret vart totalskadd og ein mista det meste av papir og utstyr. Korleis er kontorsituasjonen no og korleis vert det framover?

– I dag er kyrkjekontoret i Sogndal lokalisert i 2. høgda i Fossetunet 1 A, over Skjeldestad kontorspar. Arbeidet med å reise det nye Stedjetunet har nyleg starta, og vi ser fram til å flytte inn i heilt nye lokale hausten 2020. Fellesnemnda har også vedteke at kyrkjekontoret i Balestrand framleis skal halde oppe eit par dagar i veka og dei tilsette frå Balestrand vil ha dette som base.

Er det noko du ynskjer å legge til?

Eg vil gjerne seie at eg ser fram til å bli betre kjent med Balestrand.

For det første ser eg med glede at det er mange friviljuge i sving hjå dykk. Ein ny handlingsplan vil hjelpe sokna å rekruttere og fylgje opp dei uløna medarbeidarane, som er svært viktige for arbeidet i kyrkja. Verktøyet er utarbeidd av ei arbeidsgruppe i Sogndal og Leikanger i samarbeid med sokna og vert lansert no i 2020. [Sjå s.21, Red.mrk]

Vidare ynskjer eg å ivareta både dei tilsette, arbeidet, gravplassane og kyrkjene i Balestrand. Fellesråda skal tene sokneråda, vere med og knyte band mellom dei seks sokna og representere sokna i møte med kommune og forvaltning elles. Eg ser fram til å leie dette arbeidet vidare – eit arbeid eg vonar å kunne gjere på god måte.

Tekst og foto: Jostein Risa

Ny kommune, nytt fellesråd, ny kyrkjevevje

Nye Sogndal kyrkjelege fellesråd er frå 2020 ansvarleg for alle kyrkjebygg, gravplassar, tilsette og økonomien knytt til dette i den nye kommunen. Fellesrådet med ein representant frå kvar av dei seks sokna i tillegg til ein prest og ein kommunal representant møtest jamleg, men i det daglege er det kyrkjevevje Jorunn Merete Haukås-Eide som er hovudansvarleg for drifta, sjå intervju på dei førre sidene.

Nye Sogndal kyrkjelege fellesråd var samla til konstituering 10. desember, og Per Hilleren frå Stedje/Sogndal vart valt til leiar med Helge Ulvestad frå Balestrand som nestleiar. Sjø elles bilettekst.



Nye Sogndal kyrkjelege fellesråd har viktige oppgåver framover på vegner av dei seks sokna i Sogndal: Jon Erling Oppedal (Leikanger), Kyrkjevevje Jorunn Merete Haukås-Eide (sekretær), Helge Ulvestad (Balestrand, nestleiar), May Kristel Bodal (Kaupanger), Frode Bothun (kommunal representant), Per Hilleren (Stedje, leiar), Magne Ahlin (Norum), Sokneprest Vegard Bondevik Lie (geistleg representant). Berit C. Orheim (Fjærland) var ikkje til stades då biletet vart teke. (Foto: J. Risa)

Ny fordeling av oppgåver i kyrkjeadministrasjonen

Noverande kyrkjevevje i Balestrand, Jostein Risa, held fram med å jobbe i den kyrkjelege administrasjonen i same stillingsstorleik som før (80 prosent, 4 dagar i veka), men då på nivået under kyrkjevevja i Sogndal. Han får der tittelen «Rådgjevar for gravplass-forvaltning og IKT». Dei andre tilsette frå Balestrand held fram i stillingane sine omtrent som i dag, men med nye arbeidskontraktar og Sogndal kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar.

Magny Ugulsvik Bukholm som til no har vore assisterande kyrkjevevje i Sogndal og Leikanger får tittelen «Rådgjevar for økonomi og arkiv». Kyrkjevevja og dei to rådgjevarane har alle vore innoim dei fleste arbeidsoppgåvene og kan overlape for kvarandre, men nokre meir spesialiserte oppgåver er fordelte jf titlane. Kyrkjevevje Jorunn Merete Haukås-Eide er dagleg leiar for verksemda til Sogndal kyrkjelege fellesråd. I tillegg til oppgåver som er delegert til rådgjevarane er kyrkjevevja sakshandsamar og sekretær for fellesrådet, har ansvar for planar og planprosessar, samarbeidstiltak mellom sokna, kontakt med kommunen og andre instansar, personaladministrasjon og stabsmøte, kyrkjebygga (drift, vedlikehald, investeringar) mm.

Kyrkjekontor i Sogndal og Balestrand – felles telefon 57 67 99 85

I tillegg til hovudkontoret i Sogndal vert det framleis eit kyrkjekontor i Balestrand. Kontoret i Sogndal har fleire tilsette og er ope måndag til fredag 08.00-15.00. I Balestrand vil kontoret vere ope i alle fall to dagar i veka med ei fast kjernetid t.d. 10.00-14.00. Dersom ein ringjer for avtale, er ein trygg på å få treft den ein ynskjer. Om ein ringer sentralbordet på 57 67 99 85, vil ein verte sett over til den som kan hjelpe uavhengig av kva kontor ein sit på. Sjø elles kontoradresser og telefonliste på side 2 i bladet.

Heimeside:

www.sogndal.kyrkja.no

Elektronisk påmelding til dåp.

I ein overgangsperiode vil www.balestrand.kyrkja.no, framleis fungere, men denne vil etter kvart peike mot nye sider for Balestrand under www.sogndal.kyrkja.no. Nytt her er mellom anna at det vil kome elektronisk påmelding til dåp og vigslе, men ring gjerne ved spørsmål.

Siste «Kyrkjelydsblad for Balestrand»

Denne utgåva av Kyrkjelydsbladet for Balestrand, nr 3-2019, vert truleg den siste. Frå 2020 høyrer Balestrand til nye Sogndal kommune og nye Sogndal kyrkjelege fellesråd vil då gje ut eit felles kyrkjelydsblad som vi vonar kan knyte band på tvers av soknegrensene.

Første gongen «Kyrkjelydsblad for Balestrand» kom ut, var i desember 1970, for ganske nøyaktig 49 år sidan.

Undertittelen er Tjugum – Fjærland – Kvamsøy, dei tre sokna i prestegjeldet den gongen.


Under oversynsbiletet av Tjugum kyrkje står eit vers som hyller Guds skaparverk i Balestrand og Sognefjorden (det er sikkert nokon av lesarane som kjenner opphavet til dette), på side 2 står juleevangeliet og salmen «Du vere lova, Jesus Krist» etter Luther ved Blix. Denne salmen finst i ei nyare nynorskomsetjing på nr 31 i den nye salmeboka. Bladet inneheld elles både juleandakt ved sokneprest og ansvarleg redaktør Egil Thorbjørnsen og haustandakt ved Signy Skaasheim.

På side 2 i dette første bladet står også bakgrunnen for at det kjem eit kyrkjelydsblad:

I soknerådsmøte i Tjugum, Fjærland og Kvamsøy sokn i oktober månad, vart det vedteke å gjeva ut eit kyrkjeblad for Balestrand kommune. Husabø prenteverk i Leikanger har kome med eit pristilbod, og sokneråda garanterar fyrebels for utlogene. Bladet vert trykt i 600 eksemplar og sendt ut til alle huslydane i Balestrand kommune. Dersom kvar huslyd betalar kr. 5,- pr. år, vil det dekkja prenting og porto for året. Kyrkjebladet sitt føremål er å vera eit lokalt kyrkjeleg nyheitsblad som vil orientera um alle kyrkjelege hende i bygda. Dessutan vil det også — når det høver — gjeva kyrkjelege opplysningar «utanfrå» som kan interessera.

Ansvarlege kontaktmenn er lærar Ingvald Eiken og lærar Ivar Raubotn i Balestrand, fru Kari Nesse i Nessane og Marit Lajord i Fjærland. Me bed dykk alle — de som likar å skriva — å senda inn småstykke til bladet. Det kan vera dikt, andakt, eit minne frå garden eller bygda, ei historisk utgreiding, eller anna som kan interessera alle. Me bed serleg alle formenn i foreiningane um å gjeva beskjed um når og kvar dei skal ha møte, so det kan verta kjend i god tid.

Me vonar at kyrkjebladet vil ha ein misjon, og at det vert vel motteke i alle heimane i Balestrand.



Vi har spurt Jan Herland (tidlegare kyrkjelydssekretær og organist i Balestrand) og Tore Brudvik (tidlegare kyrkjjetenar, kyrkjevevje og kyrkjelydspedagog i Balestrand) om å skriva litt om kyrkjelydsbladet gjennom

dei siste 49 åra.. Dei to har vore med i redaksjonen for kyrkjelydsbladet i mange år – over fleire periodar. Deira bidrag har så blitt fletta inn i ein ferdig artikkel av Jostein.



det kyrkjelydsbladet gjekk frå A5 til A4 format.

Digitalisering og fargar

Datamaskiner gjorde det også etter kvart mogleg å levere digitale tekstar til trykkeriet på Hermannsverk. Det var framleis dei tilsette som laga det meste av stoffet i tillegg til stoff frå frivillige, bispedømekontor m. fl.

Bruk av bilete vart også meir vanleg, då kontoret hadde fått eige fotoapparat. I 2002 fekk kyrkjekontoret sitt første digitale fotoapparat.


Det hadde lenge vore vanleg med fargar på omslaget og Husabø spanderte i mange år fargeomslag til jul dersom ein leverte innan ein viss frist. Fargar inni bladet byrja ein ikkje med før i 2010, men frå sommarnummeret 2011 har nesten alle utgjevingane vore i fullfarge. Dette var ei drøfting i nemnd og sokneråd i høve økonomi.

Frå 2008 har kyrkjelydsblada vore lagt ut elektronisk i pdf-format på kyrkjelyden si heimeside på Internett. Desse blada vil ein framleis finne på dei nye sidene på sogndal.kyrkja.no når desse kjem på plass.



Innhald

Innhaldet i bladet fylgde i stor grad same malen som dei første åra med andakt, aktuelt kyrkje- og misjonsstoff, historisk stoff, reportasjar frå arrangement som t.d. konfirmantleirar og minikonfirmantleirar og informasjon om lokale hendingar i kommunen. Nokre år på 2000-talet hadde kommunen eigne infosider i bladet, t.d. for å nå ut med informasjon til eldre som ikkje hadde datamaskin. Sogelaget hadde også ei stund eigne sider i bladet. Begge desse betalte for plassen i bladet jf kostnader til trykking og distribusjon.



Misjonsstoff

Misjonærar som hadde tilknytning til Balestrand har ofte sendt brev til kyrkjelydsbladet som alle kunne lesa. I 1972 var det t.d. misjonsbrev frå Trygve Mundal som var i Etiopia og det går fram at han sette stor pris på å få kyrkjelydsbladet tilsendt. Kirsten Marie Aalhus var mange år i Ecuador frå 1983 og ho hadde også kontakt med heimbygda via bladet. Seinare misjonsbrev har kome frå utsendingar med tilknytning gjennom arbeid på Sygna: Signe og Anthony Dørheim Yen sende brev frå Nepal, Magne og Kari-Anne Vatland frå Indonesia. Sidan reiste Kurt Arild og Eva Bente Ohma (ho frå Balestrand) til Bolivia og Peru. Det har også stått om misjonsprosjekta til kyrkjelyden: Omsetjing av Iraqw-bibelen i Tanzania, den messianske kyrkjelyden «Israels Messias» i Romania og no sist om misjonsavtale med NMS i Mali.

Medarbeidarar i nyare tid

Frå 2004 vart Jostein Risa med i redaksjonsnemnda. Han vart året etter tilsett som kyrkjevevjer og fekk då hovudansvar for utgjevinga av bladet med sokneprest Audun Systad som aktiv medspelar i nemnda. For nokre nummer gjorde kyrkjevevjerja forsøk med å setje opp bladet sjølv i eit høvande dataprogram, og sende trykkeklar fil til trykkeriet. Dette viste seg å vere for arbeids- og tidkrevjande og ein gjekk attende til ordninga med at tilsette ved Husabø Prenteverk sette opp bladet. Husabø har dermed trykt bladet i alle desse 49 åra. Det finst truleg berre eitt unnatak, og det er nr 2-2000 som vart kopiert opp på kopimasking for å spare pengar...

I tillegg har både uløna og løna medarbeidarar bidrege til bladet og nemnda i kortare og lengre periodar. **Dei som har site fast i redaksjonsnemnda med utheva skrift.** Dei

tilsette har ofte bidrege med anna stoff (Diakonens hjørne, Saker om trusopplæring osv).

- **Jan Herland (1987-2005)** i nemnda, minst, men også kyrkjelydssekretær 1978 – 2013),
- **Tore Brudvik (1991-2006)**, kyrkjevevjerje 1990-2005)
- **Rune Haugen (2004-2015)**, i periodar soknerådet sin representant)
- **Liv Ese (2006-2011)**
- Gerd Landro (diakon 2001-2007)
- Kjersti Brudvik (diakon 2008-2015)
- **Audun Systad (sokneprest 1999-2015)**
- **Solbjørg Angelskår (2012-2013)**
- Rut Solveig Nydal Netland (kyrkjelyspedagog (2013-2017)
- **Helge Eilifsen (2016-2019)**
- **Kjell Helland (2016-2019)**
- Magni Åm Risa (2017-2019 kyrkjelydspedagog).

Betaling og økonomi

Det har i alle år vore frivillig kontingent til kyrkjelydsbladet. Balestrendingane har vore flinke til å betale for bladet slik at det stort sett har dekkja utgiftene til trykking. Men soknerådet har i seinare år også vurdert verdien av bladet så høg at dei har «sponsa» drifta med

budsjettet «underskot». Frå 1998 har ein selt annonseplass til lokale bedrifter og annonsørar. Dette har også gjeve fleire inntekter til bladet. Det har vore oppe i 120 utanbygds abonnentar, inkludert fleire utanlands. Dette siste bladet vert sendt til 68 adresser utanfor Balestrand, inkludert Riksarkivet, bispedømet og andre kyrkjekontor. Porto for dette er faktisk dyrare enn fulldistribusjon i kommunen...

Konklusjon

Publikasjonar som dette er arbeidskrevjande. Ein skal få teke bilete av viktige hendingar, få skrive artiklar og andakt, samle anna stoff, finne framsidebilete, faktasjekke, korrekturlese, velje ut bilete, redigere fargar, kontrast og utsnitt, forkorte og korrekturlese, ha kontakt med annonsørar osv. Ein har som regel også ein tidsfrist – som kan kollidere med andre viktige oppgåver på kontoret. Samstundes ser vi at kyrkjelydsbladet har ein viktig informasjons- og fellesskapsbyggande funksjon og arbeidet vert såleis opplevd gjevande. Det har også vore kjekt med respons frå lesarane og frå personar som fortel at dei les bladet frå perm til perm kvar gong. No seier vi takk for oss i denne kanalen og ser fram til fint blad for kyrkjelydane i nye Sogndal!



Nytt, felles blad

No er ein e-poke over og vi går inn i ein ny: I nye Sogndal er Balestrand til liks med dei andre sokna invitert til å levere inn stoff til det felles Sogndal kyrkjelydsblad, så ta gjerne kontakt om du har stoff du ynskjer publisert eller kan bidra på dette området.. I Sogndal er kontor i Leikanger og Fjærland, Hallgeir Øgaard Westli tilsett i ei 10 prosent stilling som redaktør for kyrkjelydsbladet og heimesida, ein jobb han har god hand om.





Rehabilitering av tårnet på Tjugum kyrkje

Sommaren 2019 utførte Lidal Vedlikehold og Service viktig rehabilitering og vedlikehold på tårnet på Tjugum kyrkje. Det viste seg undervegs å vere meir å ta tak i enn det synfaringane hadde avdekka, men soknerådet var glade for at fjorårets mindreforbruk kunne nyttast til å få fullført arbeidet på tårnet når ein først var i gang med stillas og lift. Alle overflatar er måla med tre strøk oljemåling. Alle vindauge var demonterte, kitta opp att på verkstad og skadde glasruter skifta før tre strøk måling.

Alle fire spira øvst på taket var heilt rotne og er erstatta av kopiar i alfuru som er grunna og måla totalt fire strøk og festa betre enn dei førre. (sjå etter kva spir det er snakk om neste gong du køyrer forbi kyrkja!). Også i nedre del av tårnet var det rote fleire stader og materiale er bytt ut. Blyet som låg som vern over hjørneklossane var ikkje godt og er erstatta av spesialtilpassa beslag med drypekant for å få fukt bort frå tårnet og unngå ny rote. Nokre skadde takstein rundt tårnet vart også bytt ut.

Geir Paulsen er prost i Sogn prosti frå 1. november

I september tilsette Bjørgvin bispedømmeråd Geir Paulsen som prost i Sogn prosti. Paulsen har gjennom mange år vore sokneprest i Luster og er difor kjend for mange i prostiet. Han har også vore engasjert i både politikk og misjon. Den utadretta delen av prostestillinga (ca 50 %) vil han inntil vidare nytte i Luster. Prosten har elles sete og kontor i Sogndal i lag med staben der.

Kjetil Netland var prost tidlegare. Han arbeidar no i ei 50 % stilling som sokne-

prest. I påvente av ny tilsetjing har han hatt nokre av prosteoppgåvene det siste året. Med ny prost på plass i fast stilling, kan han fokusere meir på tenesta som sokneprest i Balestrand. Samstundes er det prestemangel i sokna rundt oss. I Vik har dei no korkje fengselsprest eller sokneprest og det kan vere aktuelt at Kjetil går inn i konfirmantarbeidet der.

Ver gjerne med å be om gode søkjarar til ledige prestestillingar i Vik, Høyanger, Kaupanger, Aurland og Luster.



Ny altarduk i Sæle kyrkje – overlevering og takk i gudstenesta 24. november

Anne Marit Grov frå Vangsnes har hausten 2019 fullført ein ny altarduk i hardangersaum til Sæle kyrkje som vart påbyrja i 2006 (!) av Mona Elisabeth Austlid frå Ringeby. Ho hadde sydd fleire slike dukar før, mellom anna til Holmenkollkapellet og Sjømanns-kyrkja i London og ho kjende til Sæle kyrkje via vener i Balestrand. Arbeidet vart tinga fordi den gamle duken hadde fleire hol (skadedyr). Arbeidet stogga opp fleire gonger pga dårleg helse og alderdom og i 2017 måtte ho seie frå seg arbeidet. Gerd Jordanger har også gjort ein god jobb med duken før Grov fullførte arbeidet. Det vart vesentleg meir arbeid enn forventa... Olaug Lotsberg vøla den gamle duken i 2006 slik at han har vore brukande fram til no.

Alle dei nemnde var inviterte til gudstenesta i Sæle kyrkje 24.11 og Helge Ulvestad stod for overrekking av takk og gåver som leiar i avtroppande sokneråd. Alle som har bidrege fekk eit innramma bilete av Sæle kyrkje som Bjørg Bjøberg har måla – i lag med jubileum-sheftet for Sæle kyrkje frå 2003. Anne Marie og Gerd fekk i kyrkja – Mona Elisabeth og Olaug fekk tilsendt / overlevert i ettertid. Den nye altarduken i hardangersaum er truleg den tredje altarduken i Sæle kyrkje. Den første var laga og gjeven til kyrkja av Kari Sæle då kyrkja var ny, medan den duken som har lege til no var sydd av Ingebjørg Målsnes. No er altså den tredje på plass.



Gudstenesta starta med prosesjon der konfirmentar, born og andre bar inn den nye duken, lys, bibel og anna utstyr til altaret. Eit poeng som vart oppdaga i ettertid er at konfirmenten som bar inn duken, Solve Solvorn Sæle, er tipp-tipp-oldebarnet til Kari Sæle som sydde den første altarduken til kyrkja. Bjørg Bjøberg var klokkar i Sæle denne søndagen.

(Alle foto: J. Risa).



Rom for morskjærleik

Som ein oase midt i det kaotiske sjukehuset, ligg eit lite rom med sengeplass til seks nybakte mødrer. Der får dei ro, hjelp og kvile. Og kanskje augekontakt med babyen sin for aller første gong.

Vi ser den vesle bylten med ein gong. I eit mjukt blått teppe mot den glisne plastmadrassen på senga av stål. Ein dag gamal. Mora sitter bøygd over jenta si, og blir lik som aldri ferdig med å stirre. Små grynt, nokre få rørsler med hendene, før søvnen igjen tar overtak. Det er roleg, stille og berre mumling i rommet. Opnar vi døra, ser vi eit folkehav av travle legar, pasientar og pårørande.

Viktig å følge dei opp

Det er ikkje så rart at alle spring, for sjukehuset Melka Oda i Shasamane skal gi helsehjelp til 400.000 menneske. På for liten plass og med for få tilsette. Men eit

problem er løyst, og det er kor dei skal gjere av nybakte mødrer. For det var ei skikkeleg nøtt. Det var ingen ledige rom nokon stad på sjukehuset. Løysinga vart eit heilt nytt bygg midt på gardsplassen. Ikkje stort, men akkurat passe. Med støtte frå Kirkens Nødhjelp og samarbeidspartnar Tamra.

– For to år sidan hadde ikkje kvinnene som skulle føde eller hadde født, nokon stad å vere på sjukehuset. Men takka vere samarbeidet har vi no dette rommet. Det er i bruk heile døgnet, seier doktor Hawi Kidanu.

Berre i august i år vart det fødd 500 babyar ved sjukehuset.

– Det er så utruleg viktig at vi kan følge dei opp etter fødselen. Slik at dei kjem i gang med amminga, får gitt barna vaksiner og den helsehjelpa dei treng, forklarar ho.

Sidan pågangen er så stor, kan dei berre vere der i 24 timar etter fødsel.

– Vi skulle gjerne hatt dei der lenger, men vi får gjort mykje på 24 timar. Ikkje minst fortalt dei om at vi har

helsestasjon og tett oppfølging av mor og barn på sjukehuset.

En helt ny start

Omringa av mor og søster, ligg 20 år gamle Fatoma Faya-sa i ei av dei seks sengene. Sjølv om det korkje er laken eller pute på plastmadrassen, har familien sørgja for at ho ligg godt og mjukt.

Hun skulle eigentleg føde på ein klinikk i landsbyen der ho bur, men ein dag gamle Caaltuu hadde ingen planar om å vente. Under eit besøk hos søstera i Shashamane, byrja plutselig fødselen. Då bar det rett til næraste sjukehus. For 46 kilometer vart for langt å reise på humpete vegar.

– Eg var veldig spent på korleis det skulle gå, sidan dette er det første barnet mitt, men det gjekk så fint, smilar ho.

Mange på hennar alder har allereie fleire barn, men sjølv har ho vore nøye med prevensjon.

– No passa det bra med barn. No var vi klare for å starte ein familie, seier Fatoma, som jobbar som bonde.

Tre svangerskapskontrollar har ho vore på. Ho har vore nøye med det for å ta vare på si eiga helse og babyen i magen.

No nyt ho den første dagen som mor på sjukehuset.

– Dei tilsette på sjukehuset har vore heilt fantastiske

mot meg. Dei har passa på både meg og babyen min her i dette rommet. Eg har kjent meg trygg heile tida.

Ho trekk fram den første natta som spesielt viktig. For det er ikkje så enkelt å kome i gang med amminga heilt åleine.

– Eg er så glad for at eg fekk vere her med dottera mi.

Fatoma har store draumar for Caaltuu, for ho har ikkje lang skolegang sjølv. Berre fire år.

– Sjølv fekk eg ikkje utdanning, men har ei stort håp for dottera mi. Eg har alltid ønska meg meir utdanning og ville bli lege, men måtte arbeide på garden. Eg synest det er så morosamt å lære.

No er ho mor for aller første gong, og seier ho har fått tru på ei annleis framtid.

– Det å ha fått ei dotter, betyr ein heilt ny start.



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Slik gir du årets viktigaste julegåve:

- Vipps eit valfritt beløp til 2426.
- Send GAVE på sms til 2426 og gi 200 kroner.
- Gåvekonto: 1594.22.87248

Tekst: Anette Torjusen Foto: Håvard Bjelland



Finn fem feil!

Ein engel viste seg for Josef i ein draum. Den fortalde Josef at barnet i magen til Maria var Guds son.

Teikning: Alessandro Coppola



Fargelegg!

Jesus vart fødd i ein stall i Betlehem.



Teikning: Francesca De Luca

Finn vegen til stjerna!

Finn du vegen
frå trestammen
og heilt opp
til stjerna i
toppen av
juletreet?



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på Sondagsskolen.no
eller **22 03 71 00**



Vitsar

- Kan eg få hund til jul, pappa?
- Nei, i år blir det ribbe, som vanleg!

- Kvifor sit du i fengsel?
- Eg starta julehandelen litt for tidleg.
- Ein kjem vel ikkje i fengsel for det?
- Dersom ein startar før butikkane opnar, så ...



Frivillige i kyrkjelydane – mykje skjer

Det skjer mykje frivillig arbeid i kyrkjelydane våre! Med stort og smått kan vi i det nye fellesrådsområdet rekne med at over 800 medarbeidarar bidreg kvart år. Det siste året har det vore arbeida målretta med ein handlingsplan for å følgje opp uløna medarbeidarar på ein betre måte. Staben på kyrkjekontoret og sokneråda i Sogndal og Leikanger har alle vore sterkt involvert i arbeidet. Balestrand sokneråd er invitert til å henge seg på og er positive. Med handlingsplanen håpar vi å koma nærare målet om at fleire skal kjenne glede over å vere med i frivillig arbeid, og få eigarskap til aktiviteten i kyrkjelyden.

Ein kortversjon av handlingsplanen finn de under her, og heile planen finn de på heimesida: www.sogndal.kyrkja.no

Handlingsplanen har følgjande mål og tiltak

MÅL

- Fleire skal kjenne glede over å vere med i frivillig arbeid og frå eigarskap til aktiviteten i kyrkjelyden.
- Vi skal ha nok frivillige til å utføre dei oppgåvene sokneråda har, på ein god måte – og handlingsrom til å setje i gang nye planlagde oppgåver.

TILTAK

Rekruttering

- Vi skal utarbeide ein rettleiar for rekruttering.
- Vi skal utarbeide rutineskildringar for alle oppgåver som vert utført av frivillige.
- Vi skal lage organisasjonskart for dei ulike tenestene og prøve ut ei ordning med frivillige gruppe-leiararar for dei ulike tenestene.
- Vi skal greie ut korleis vi kan rekruttere fleire ungdomar.

Opplæring

- Vi skal ha god opplæring før ein frivillig medarbeidar tek til i tenesta, og alle frivillige skal ha ein kontakt-person.

- Gruppeleiaren vert følgt opp månadleg med ein telefonsamtale eller anna kontakt. Staben held halvårige/ heilårige møte med alle gruppeleiarane på tvers av sokna med opplæring, gjennomgang av rutineskildringar mm. Gruppeleiarane eller sokneråda kan ha møte med sine frivillige medarbeidarar etter behov – t.d. etter fellesmøta.
- Kurs utover dette vert vurdert etter behov og tilgjengelege ressursar.

Følgje opp og ta vare på

- Felles årleg medarbeidarfest for alle frivillige medarbeidarar. Frivillige medarbeidarar vert særskilt inviterte til sokneråda sine årsfestar (årsmøte).
- Sommarhelsing med takk for innsatsen, julehelsing og takk ved avslutting av engasjement.
- Forbøn i gudstenesta for dei frivillige og det frivillige arbeidet.
- Framsnakking og presentasjon av frivillig medarbeidarskap skal skje på samlingar som gudstenester (kunngjeringsplass), kyrkjekaffi, salmekveldar, kvardagstru, juletreff, kyrkjelydstur, kyrkjegardsdugnad og basasar.

Tiltaka skal vere sette i gang i løpet av 2020.

Nytt frå kyrkjetårnet



Vårdugnader

Også i år inviterer Balestrand sokneråd til vårdugnader på gravplassane og kanskje også tiltak knytt til kyrkjene eller andre bygg (t.d. vindaugsvask). Også i år er konfirmantane med føresette inviterte i forlenginga av ei konfirmantsamling. Vi set pris på om du også vil vere med. Ta gjerne med deg naboen og noko utstyr som t.d. rive, greinsaks, trillebår osv.

- **Tjugum kyrkjegard torsdag 16. april frå kl.16.00** for samtalegudsteneste 19. april og konfirmasjon 10. mai. **NB!** Vi startar med servering av **betasuppe** frå Kviknes hotel, så slepp du heim og ete middag. Stikkord: Skjering av rhododendronbusker, skjering av tre, raking av greiner og lauv, kosting / spyling av trapper og parkeringsplass. Vindaugsvask i kyrkje og kyrkjestove mm.
- **Sæle kyrkjegard tysdag 21. april frå kl.16.00** og utover (før konfirmasjon 26. april) Raking av lauv og grusgangar, skjering av busker. Utjamning gravplass. Vindaugsvask i kyrkja. Konfirmantane har øving i kyrkja i forkant. Det vert ordna med noko å bite i også her.
- **Kvamsøy kyrkjegard mm onsdag 27. mai** (før fjordgudsteneste 1. juni, 2. pinsedag)

Kyrkjelydstur til Lyngmo 4.- 6. september 2020

Vi minner om kyrkjelydsturen i 2020 der Balestrand sokneråd leiger Lyngmo ungdomssenter i Hafslo heile første helga i september! Flotte fasilitetar og program for både store og små. NB! Hugs å halde av helga i kalenderen din! Vi vonar å få med endå fleire denne gongen! Det kjem meir informasjon før sommarferien.

Ny styring til ringeanlegg i Tjugum

Soknerådet har vedteke innkjøp av ny, digital styring

av det automatiske ringeanlegget i Tjugum kyrkje. Den gamle styringa var no over 20 år og komponentar som ikkje fanst lenger hadde roke her. Den nye styringa gjer det mogeleg med fleire førehandsprogrammerte program, t.d. ved høgtidskiming på pinsdedag, påskedag og juledag, noko som er ressursparande for fellesrådet på sikt.

Ringning med kyrkjeklokkene ved overgang til ny kommune

Kommunal fellesnemnd har jobba med ulike tiltak for å markere overgangen til ny kommune. I samband med dette er soknerådet spurde om ringing med kyrkjeklokkene ved midnatt og overgangen til 2020. I Balestrand vil det verte ringt med klokkene i St. Olavs kyrkje (jf gudsteneste der nyårsaftan) og truleg også i Tjugum kyrkje – dersom vi rekk å få montert den nye styringa av ringeanlegget før nyttår.

Løyve til å ta ut enkelt-benker frå Tjugum kyrkje

Balestrand sokneråd har fått godkjenning frå biskopen av tiltak i Tjugum kyrkje og vil ut frå dette fjerne ein benk midt på nordsida av kyrkjeskipet - for å gje betre tilgang mellom sidedør med rampe og midtgangen i kyrkja. Soknerådet vil også fjerne nokre benker heilt bak i kyrkja (under galleriet) for å gje luft og plass til småborn på golvet, barnevogner og ev. rullestol bak i kyrkja. Dette vert gjort trinnvis med ein til to benker om gongen for å prøve ut. Alt som vert gjort skal vere reversibelt og benkene som vert tekne ut, vert lagra på forsvarleg måte. Soknerådet legg opp til å få denne jobben gjort på dugnad på nyåret.

Misjonsdag på Alværa 11. januar

Det har blitt ein tradisjon å byrje året med inspirasjons-samling for kyrkjelydane i området. Alværa har vore ein viktig leirstad i nærare 40 år, og vi trur den vil ha mykje å seie for kyrkjelydane også framover. Vi er mange som har erfaring med at det å samlast frå eit større område gir nye idear og eit gjevande fellesskap. Kyrkje- og misjonsdagen kan sjåast som ein verkstad der ein deler idear og erfaringar. Du er velkommen til å komme med synspunkt eller berre lytte og ta imot. I år vil det bli fleire korte innleiingar ved Toril Lange, Geir Sørebo, Svanhild Ask, Sissel Sørebo, Helle Kartveit og Hald-studentane Hasa og Marina frå Madagaskar.

Kva er det som kjenneteiknar eit liv i tru? Korleis kan bøn og bibel bli ein styrke i kvardagen? Korleis kan vi tene Gud der vi bur og samarbeide med gode krefter i lokalsamfunnet? Korleis kan det globale perspektivet komme inn, og korleis kan vi oppmuntre kvarandre til å leve enklare og ta vare på skaparverket? Gjennom dagen vil vi syngje songar frå ulike delar av verda. Temaopplegget blir avslutta med gudsteneste leia av vikarprest Geir Sørebo og musikal Ole Agnar Helland.

Om ettermiddagen kan ein delta på årsmøte for NMS, Ytre Sogn område.

På grunn av middagen er det påmelding til Alværa, tlf. 489 90 661. Programmet vil bli lagt ut på facebook i desember. Alle er hjarteleg velkomne!

Områdeutvalet i NMS Ytre Sogn

Bibelseminar i september

Den 4. september kom Hans Johan Sagrusten frå Bibelselskapet til Balestrand. Han er teolog, bibelomsetjar og forfattar som dei siste åra har brukt mykje tid på å studere teksthistoria til Bibelen. Frå august har han vore tilsett som forlagssjef i Verbum. Han hadde samlingar for elevane på Sygnavgs på føremiddagen og frå kl.18.00 var det seminar på bedehuset i Holmen med to ulike tema og kveldsmat på midten.

«Den tidlegaste historia til Bibelen». Her fekk tilhørarane mellom anna godt innblikk i arkeologiske skriftfunn som provar at dei nytestamentlege tekstane ikkje har vore endra eller tilpassa gjennom tidene og at desse tekstane er langt betre dokumenterte enn andre skrifter frå antikken.

Den andre samlinga fokuserte på det Sagrusten i si bok har kalla «RIK Bibelbruk». At kristne mange stader i verda møtest for rett å slett å lese Bibelen høgt i lag (utan så mykje anna program). Soknerådet vil vurdere om det



er aktuelt med fleire samlingar av denne typen. Fleire smågrupper i Balestrand har teke opp ideen, til dømes eit par bønegrupper som no startar samlingane med å lese eit lengre avsnitt høgt i lag (t.d. 1-2 kapittel) frå Bibelen.

Seminaret var eit samarbeid mellom Balestrand sokneråd og Bedehuset Betel.

Balestrand sokneråd vil ha same gåvekonto som før

Det vert ein del endringar i rekneskap og kontoar i høve samanslåinga ettersom det nye fellesrådet tek fellesrådsoppgåvene soknerådet i har hatt til no. Balestrand sokn vil likevel behalde same organisasjonsnummer og hovudkonto som før og denne kontoen kan dermed brukast til å gje gåver som tidlegare. Gje gjerne ei julegåve til kyrkjelyden på konto **3805.10.32583** (Balestrand sokn) til kyrkjelydsarbeid, trusopplæring og diakoni og merk med «Gåve». Dersom du ynskjer å gje til eit særskilt føremål er det berre å skrive dette i meldingsfeltet. Gåver over 500 kr i laupet av eit år gjev rett til skattefritak.



Teaterframsyning i Tjugum kyrkje 24. mars

Sogn og Fjordane teater leiger Tjugum kyrkje til framsyninga «Moren – Påskeevangeliet» av Håvard Rem tysdag 24. mars 2020. Dette er den tredje framsyninga i triologien Håvard Rem har skrive, der tre kvinner har gjeve sin versjon av forteljinga om Messias. I framsyninga «Moren – Påskeevangeliet» er det Maria, Jesu mor, spelt av Marit Østbye, som fører ordet. Vi møter ei mor som har sett sonen sin døy på korset. Det er dagen etter korsfestinga.

Vel møtt til ei fin stund i kyrkja tysdag 24. mars kl.19.00, nokre veker før påske. Billettar kan kjøpast på <http://softeteater.no> eller i døra.

Dåp og trusopplæring



Dåp er ei viktig hending der Gud tek imot den som vert døypt som sitt barn og tek det inn i sin truande kyrkje-lyd. I dåpen gjev Gud sin Heilage Ande og let oss få del i frelsa. Ved dåpen vert ein også medlem i kyrkja og får invitasjon til å delta på trusopplæringstilbod fram til ein fyller 18 år. Her frå gudstenesta 6. oktober då både Jonatan Fossberg Thue og Peter Sagevik vart døypte. To av dei tilboda dei vil få, er 4- og 6-årsbok:

Like etter skulestart, i gudstenesta den 19 august, fekk førsteklassingane sin eigen bibel. Dagen før var det samling i kyrkjestova. Det er den fargerike «Bibelen for dei små» i nynorskversjon som vert nytta som 6-årsbok.

Kjetil prest snakka om at Jesus er ein god ven og at eg kan vere ein god ven. Han fekk også hjelp av ein konfirmant til å vise korleis Jesus vaska føtene til læresveinane.

Ved hausttakkegudstenesta 20. oktober var det 4-åringane sin tur. Dei får «Bibelboka mi» som 4-årsbok. Det var prosesjon i starten av gudstenesta og BALUBA song flott! Under preika var borna i kyrkjestova og då dei kom attende hadde dei flotte, raude hjarte med «Skapt av Gud» hengane rundt halsen.

Tekst og foto: JR

Konfirmant 2020 – Balestrand



Det er dette skuleåret tretten unge som deltek i konfirmasjons-undervisninga i Balestrand. Samlingane på hausten har stort sett vore utandørs, under gapahuken ved Ja-steinen, like etter skuletid ca annakvar veke på torsdagar. Presten fyrer på bålet, og foreldre byter på å bidra med mat og drikke. Foreldre kan også verte spurde om å leie ein aktivitet. Bileta er teke ved samlinga 14.11.

Konfirmantane deltok også aktivt i Ung Messe i engelskkyrkja 17.10: Dei dramatiserte historia om den lamme mannen som vart boren til Jesus på ein flott måte. Dei danna også band med gitarar, bass, keyboard, xylofon, forsongarar og rytmeinstrument som spela til ein eller to songar. Elles var det band og forsongargruppe frå Sygna på dei andre songane og Kjetil prest hadde samtalepreik med to Sygna-elevar.

Konfirmantane gjer jamleg teneste som medhjelparar i gudstenester, t.d. ved evangelieprosesjon, innsamling av takkoffer, bøn, lystenning, prosesjonar mm.

I januar er det konfirmanthelg på Alværa i lag med andre konfirantar. Tysdag 31. mars er det tid for den årlege fasteaksjonen der konfirantar og føresette m.fl går frå dør til dør med bøsser og samlar inn pengar Kirkens Nødhjelp. Vi vonar du vil ta godt i mot dei!

Sæle kyrkje 26. april kl.11.00

- Emily Haugen Fimreite
- Freddy Eithun Af Geijerstam
- Tore Aaland Linde
- Sølve Solvorn Sæle

Tjugum kyrkje 10. mai kl.11.00

- Leah Buene
- Ylva Marita Feidje-Baug
- Ariana Fjærestad
- Anna Paulina Grinde
- Miriam Heier
- Sigurd Løtveit
- Lene Sæhl Målsnes
- Olav Åm Risa
- Hanna Stokkebø

Ta gjerne med konfirmentane i forbøn!

I GLEDE OG SORG

Døpte

Jonatan Fossberg Thue
06.10.2019 i Tjugum kyrkje

Peter Sagevik
06.10.2019 i Tjugum kyrkje

Døde

07.09.2019 Svein Bale f. 07.05.1941
Gravferd frå Tjugum kyrkje 17.09.2019

03.10.2019 Nils Ese f. 23.06.1922
Gravferd frå Tjugum kyrkje 11.10.2019

16.10.2019 Kåre Haugen f. 26.08.1951
Gravferd frå Tjugum kyrkje 25.10.2019

26.10.2019 Jørgen Jetvald Måren f. 17.04.1939
Gravferd frå Sæle kyrkje 01.11.2019

20.11.2019 Kari Ese Ligtvor f. 11.11.1931
Bisetjing frå Tjugum kyrkje 29.11.2019

Takk for minnegåve

Hjarteleg takk for minnegåve i høve Ole Kristian Høydal si gravferd 30.08.2019. Det kom inn 10.050,- kroner som er delt likt mellom Sjømannskyrkja og Frelsesarmeen i Alicante, Spania.

Gunvor Høydal med familie.

Takk til alle annonsørar som har støtta utgjevinga av kyrkjelydsbladet gjennom åra!

Annonser



57 69 42 40
www.midtnes.no



Yter all hjelp ved dødsfall og gravferd.
Døgnvakt telefon: 57 69 57 55

**Balestrand
Taxi**

Tlf. 959 56 113

TAXI Frankén

mob. 959 86 000

Turbussar
Vi tilbyr også 10- og 17-setars bussar med plass til rullestol samt store turbussar med 49 seter.

Ytre Sogn graverdsbyrå A/S



Hjelp til alle tenester ved dødsfall
GRAVMONUMENT - SKRIFTHOGGING
Døgnvakt telefon:
577 14 700 / 959 86 000



Morten
mobil: 481 34 167



Balholm Auto AS
Holmamyrane
6899 BALESTRAND

Godkjend bilverkstad
Tlf. 57 69 11 13



Telefon heile døgnet: 57 68 14 77

Kjell Grønli, Ingar Husum, Hege Urnes, Hans Magne Kvåle.




Tlf. 57 69 15 22

Det er vi som køyrer ut kyrkjelydsbladet. Ta kontakt om du treng distribusjon.


VIK ELEKTRO

Rune Målsnes
6893 VIK I SOGN
TV - Kvitevarer
Solskjerming - Glasservice
Mobil: 906 16 260
E-post: rune@vik-elektro.no
www.vik-elektro.no



Sognekraft
- set krefter i sving

www.sognekraft.no - P.b. 3, 6891 Vik i Sogn - post@sognekraft.no



HARALD TJUGUM
Dragsvik 17
6899 Balestrand
M: 911 28 133



Heime

Her er eg heime; her er eg meg.
Her kan eg kvila tett inntil deg.
Her kan eg lytta, her kan eg sjå,
her kan eg pusta, syngja og gå.
Her kan eg sitja ved Jesu føter.
Her kan eg kjenna at sjeli har røter.
Her er eg heime, heime hjå deg.

Her er eg heime; her ser eg deg.
Her kan eg kjenna at du elsker meg.
Her kan eg smila, her kan eg le,
her kan eg grina eller grubla i fred.
Her kan eg kvila i Jesu armar;
Her kan eg kjenna ein kjærleik som varmar.
Her er eg heime, heime hjå deg.

Her er eg heime; her ser du meg.
Her kan eg vera ein tenar for deg.
Her vil eg byggja, her vil eg bu;
Her finn eg føde for ei levande tru.
Her kjem vi saman i Jesu kjærleik;
Her får vi kjenna hans omsorg og nærleik.
Her er vi heime, heime hjå deg.

Tekst og foto: Lin Åm

Teksten er opphavsleg skriven til ei Maria-helg ved Alværa misjonssenter og er tonesett av Joy Taylor slik at det vart ein song. Lin brukte songen som utgangspunkt for ein tale på bedehuset og vart då spurt om han kunne delast vidare i kyrkjelydsbladet. Songen skildrar på ein fin måte kva som kan hende når vi koplur av frå kvardagsstrevet og tek tid til fellesskap med Gud.



Mariahelg på Alværa

Den 6. - 8. mars 2020, arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar på Alværa misjonssenter i Lavik.

På Mariahelg får vi påfyll for trua vår, samtidig er det kjekt å komme i lag og ha god tid til samtale og gode historier. Det er tid til avslapping, nyte naturen ved sjøen og ikkje minst nyte god mat.

Tema for helga vert «Livsvandringa og trua» – korleis påverkar livsvandringa trua vår? Dei som skal lose oss gjennom temaet vert: Sokneprest i Jølster Silje Sørebo og psykologspesialist Yngvild Sørebo Danielsen. (Vi gler oss over at dei blir med oss slik som i 2019)

Ved spørsmål om helga eller programmet, ta kontakt med Bente Rauboti Haukeland på m. 916 92 908

E-post: bente.rauboti.haukeland@gmail.com



Det skjer på Lyngmo 2020

12. januar	Inspirasjonssamling NLM Sogn
14.–17. februar	Crossroad (8.kl – 19 år)
20.–23. februar	Leir for 4-7 klasse
20.–22. mars	Leir for 2-4 klasse
27. mars	Vårbasar på Lyngmo
28. mars	Årsmøte for Israelsmisjonen
29. mars	Barnas supersøndag

Meir informasjon og påmelding finn du på
www.lyngmoinfo.com eller
på tlf. 57 68 43 66

Utgjevar/Avsender:
Balestrand sokneråd
Sjøtunsvegen 6
6899 BALESTRAND

Velkommen til gudsteneste

5. jan, Kristi openberr.dag	SÆLE KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM). Kyrkjekaffi.
12. jan, 2. s. i openberr.tida	TJUGUM kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Utdeling av biblar til 11-åringar og presentasjon av minikonfirmantar. Takkoffer til lokalt kyrkjelydsarbeid. Kyrkjekaffi.
26. jan, 4.s. i openberr.tida	TJUGUM kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til Alværa misjonssenter. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
2. feb, 5.s. i openberr.tida	SÆLE KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til lokalt kyrkjelydsarbeid. Kyrkjekaffi.
9. feb, Sâmannssøndag	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Diplom til minikonfirmantane. Takkoffer til Bibelselskapet. Kyrkjekaffi.
23. feb, Fastelavnssøndag	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til lokalt kyrkjelydsarbeid. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
1. mar, 1. s. i fastetida	SÆLE KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til Ungdom i oppdrag. Kyrkjekaffi.
5. mar, torsdag	SYGNA (Møtesalen) kl.20.00. Ung Messe. Nattverd. Elevar og konfirmantar deltek.
8. mar, 2. s. i fastetida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til Sygna VGS. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
22. mar, Maria bodskapsdag	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Tårnagentar (ca 8 år) medverkar. Takkoffer til lokalt kyrkjelydsarbeid. Kyrkjekaffi. NB! Årsmøte i kyrkjelyden med orientering frå soknerådet.og drøfting av arbeidet
5. apr, Palmesøndag	FJORDTUN kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Søndagskolen i Norge. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
10. apr, Langfredag	SÆLE KYRKJE kl.11.00 Pasjonsgudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd.
12. apr, Påskedag	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Høgtidsgudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til NMS (Misjonsavtale Mali). Barnesamling. Kyrkjekaffi.
19. apr, 2. s. i påsketida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Samtalegudsteneste ved Kjetil Netland og konfirmantane. Takkoffer til NKSS – Laget. Kyrkjekaffi.
26. apr, 3. s. i påsketida	SÆLE KYRKJE kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til lokalt kyrkjelydsarbeid.
10. mai, 5. s. i påsketida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til lokalt kyrkjelydsarbeid.
17. mai, Grunnlovsdagen	TJUGUM KYRKJE kl.10.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.
24. mai, Søndag før pinse	ST OLAFS kl.10.00 Økumenisk gudsteneste ved Darren McCallig og Kjetil Netland. Nattverd. Anglikansk kor. Takkoffer til Vener av St. Olafs kyrkje.
31. mai, Pinsedag	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Høgtidsgudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til Normisjon. Barnesamling.
1. jun, 2. pinsedag	KVAMSØY KYRKJE kl.12.00 Fjordgudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til lokalt kyrkjelydsarbeid. Ta gjerne med litt å ete og drikke til kyrkjekaffi.
14. jun, 2. s. i treeiningstida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til Lyngmo ungdomssenter. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
28. jun, 4. s. i treeiningstida	STØLSBERG kl.12.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til NMS (Misjonsavtale Mali). Ta gjerne med litt å ete og drikke til kyrkjekaffi.

Atterhald om endringar. Oppdatert gudstenesteplan finn du alltid på nettsida sogndal.kyrkja.no